



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
85/19	Formannskapet	11.06.2019
54/19	Kommunestyret	19.06.2019
30/19	Næring- og miljøutvalet	05.06.2019

Høyring gebyrforskrift for plan- og bygningslova og lov om eierseksjoner

Samandrag:

Grunna endringar i lov om eierseksjonering er det behov for ein revisjon av «Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter Plan- og bygningslova og Lov om eierseksjoner – Hareid kommune».

Kommunestyret 19.06.2019:

Behandling:

Tilråding frå formannskapet, foreslått av ,
Kommunestyret legg «Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter Plan- og bygningslova og Lov om eierseksjoner – Hareid kommune» på høyring. Høyringsfristen skal vere 3 månadar. Forskrifta må endeleg godkjennast av kommunestyret.

Tilråding frå formannskapet samrøystes vedteke.

KST- 54/19 Vedtak:

Kommunestyret legg «Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter Plan- og bygningslova og Lov om eierseksjoner – Hareid kommune» på høyring. Høyringsfristen skal vere 3 månadar. Forskrifta må endeleg godkjennast av kommunestyret.

Formannskapet 11.06.2019:

Behandling:

Tilråding samrøystes vedteke.

FSK- 85/19 Vedtak:

Kommunestyret legg «Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter Plan- og bygningslova og Lov om eierseksjoner – Hareid kommune» på høyring. Høyringsfristen skal vere 3 månadar. Forskrifta må endeleg godkjennast av kommunestyret.

Rådmannen si tilråding:

Kommunestyret legg «Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter Plan- og bygningslova og Lov om eierseksjoner – Hareid kommune» på høyring. Høyringsfristen skal vere 3 månadar. Forskrifta må endeleg godkjennast av kommunestyret.

Vedlegg:

Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter plan- og bygningslova og lov om eierseksjoner

Satsar for sakshandsaming PBL og SEK_20.05.19

Andre relevante dokument:

Forskrift om gebyrregulativ for sakshandsaming etter plan- og bygningslova og lov om eierseksjoner

Saksopplysningar:

I 2018 kom det ny Lov om eierseksjonar som legg til grunn og opnar for ei anna berekning av gebyr knytt til sakshandsaming etter denne lova. Det er difor lagt inn nye satsar og ny måte å ta gebyr for sakshandsaming i eigarseksjoneringssaker.

Det er også gjort mindre endringar knytt til byggesak. Gebyret for dispensasjon har blitt delt i to, eit gebyr for politiske dispensasjonar og eit gebyr for administrativt handsama dispensasjonar. Ein har også halvert gebyret for ansvarsrettar og piperehabilitering då ein har sett siste året at desse gebyra har vore for høge i forhold til tidsbruken knytt til sakshandsaming.

Vidare har ein no tatt gebyrsatsane ut av forskrifta og laga desse som eit eige vedlegg. På denne måten vil det vere lettare å rullere berre satsane samstundes som budsjettet vert vedteke årleg.

Alle gebyr etter forskrifta er utarbeida i tråd med sjølvkostprinsippet.

Vurdering og konklusjon:

Forskrifta som no ligg føre er ei nødvendig oppdatering av gebyrforskrifta som er gjeldande i dag, dette for å stette dagens lovverk. Rådmannen rår difor kommunestyret til å legge forskrifta ut på høyring.

Likestillingsmessige sider ved saka: Ingen kjende.

Konsekvensar for folkehelsa: Ingen kjende.

Miljøkonsekvensar: Ingen kjende.

Økonomiske konsekvensar: Ingen kjende.

Beredskapsmessige konsekvensar: Ingen kjende.

Konsekvensar for barn og unge: Ingen kjende.

Namn
Rådmann

Silja Øvrelid
einingsleiar